



# Skogbrann

## – øydeleggende og fornyande

Av Toril Drabløs Eldhuset

Ein skogbrann er dramatisk og uhyggeleg. Ved fyrste augnekast ser han ut til å øydelegge alt som står i hans veg. Tre og buskar vert borte, det øvste jordlaget brenn opp, og frå skogbotnen forsvinn dermed både plantenæring, lagra karbon og frø som låg spireferdige i jorda. Men for skogen kan ein brann føre til nytt liv.

Tenk deg eit skogområde som får utvikle seg utan ein einaste brann på 100 år. Den øvste delen av jorda vert stadig tjukkare og surare av alt strøet, altså nålene, blada og kvistane som fell ned frå trea. Mikroorganismane som bryt ned strøet og gjer det om til jord, arbeider tregare og tregare. Det blir stadig vanskelegare for røtene til tre og planter å få tak i nok næring, og for nye frø å få rotfeste og spire. Gamle, skrantande tre blir eit lettare bytte for barkbiller og andre skadeinsekt, som kan formere og spreie seg meir enn dei elles ville gjort.

Men så, kanskje etter ein tørrversperiode i juni, slår lynet ned og set fyr på området. Elden feiar gjennom trekronene og svir av nålene. Ein del av trea er så lite skadde at dei overlever brannen; dette gjeld særleg furutre med sin tjukke, isolerande bark. Nokre tre brenn opp, andre står meir el-



ler mindre svartbrende tilbake. Har det brunne hardt i bakken, har mange tre fått røtene øydelagt slik at stammene snart vil falle overende. Mykje av det gamle strøet som hadde hopa seg opp på bakken, har òg brunne opp.

### Etter brannen

Etter nokre dagar, når brannen har døydd ut, er den tidlegare skogen ei branntomt dekt av oske og trekol. Men det varer ikkje lenge! Mykje god plantenæring vart frigjord då strøfallet brann, og oska har gjort jorda mindre sur. Mikroorganismane har fått betre vilkår og bryt fort ned resterande strø og halvbrende planterestar. Ein del av dei frigjorde næringsstoffa blir rett nok borte i form av gass og sot, eller dei blir skylte ut or jorda med regn og brannsløkkingsvatn – men alt i alt er det no meir tilgjengeleg næring i jorda enn det var før brannen.

Trekolet har fanga opp fenolane som tidlegare hadde hopa seg opp i jorda – fenolar er kjemiske sambindingar som røter av lyng skiljer ut, og som hindrar at frø av andre arter spirer. Etter få dagar ser ein gras som veks opp frå uskadde jordstenglar. Bråtestorkenebb spirer frå uskadde frø som har lege i jorda og venta på ein brann – desse frøa treng temperatur på over 60 grader for å greie å spire. Snart ser ein geitrams og andre planter som treng mykje nitrogen, eit av dei viktige næringsstoffa som er frigjort frå det brende strøet. Allereie året etter ser

Skogen brenn! Foto: Ken Olaf Storaunet

RETURADRESSE:

Skog og landskap,  
Postboks 115,  
1431 Ås

B

NORGE



P. P.



www.skogoglandskap.no, tlf: 64 94 80 00, Redaktør: Camilla Baumann, Produksjon: Svein Grønvold, Grønvolds Bildebyrå, Trykk: Follotrykk AS 2009, Opplag 3000



To veker etter brannen har det dukka opp nytt liv. Foto: Dan Aamlid

ein bærlyng og ørsmå furu- og granspirer. Etter få år er den nye, friske skogen på langsam, men stødig veg opp og fram.

### Kva med dyrelivet?

Minst åtte norske insektarter finst nesten berre på brannflater. Mellom dei er ein-skilde løpebiller og den sotsvarte praktbilla, som helst lever i brent tre. Ho har eit sanseorgan som registrerer infraraud stråling frå brannar. Ikkje alle insektartene er av det gode – til dømes vil snutebillene kunne bli eit problem på flata. Dei legg egg i dei svekka trerøtene og går til åtak på barken til unge granplanter. Slik kan billene gjere stor skade på ei tilplanta brannflate fordi det ikkje er alternative beiteplanter der. Eit alternativ er å vente i tre år etter brannen før ein plantar gran; då er snutebillefarensom oftast over. Elles kan billene ta knekken på heile plantefeltet.

Fuglearter som trivst i ope terreng etablerer seg snart, slik som gulerle, gulspurv og hortulan. Den sistnemnde spurvefuglen har fått nemninga "kritisk truga" i Norsk rødliste 2008. Nettopp brannflatene med sine spesielle levetilhøve kan vere tilflukts-

stader for sjeldne og truga arter. Slik kan brannflater vere med og halde oppe det biologiske mangfaldet i skogen.

### Talet på skogbrannar redusert, men kan auke igjen

Effektiv nedkjemping av brann har redusert talet på skogbrannar i Noreg dei siste 25 åra. I gjennomsnitt brenn mindre enn 0,1 promille av den produktive skogen i Noreg kvart år - 315 hektar av 7,4 millionar hektar produktiv skog. Eit markant unnatak var året 2008, då 2600 hektar furuskog brann ned i Froland i Aust-Agder i løpet av ei juniveke. Nesten halvparten av brannane skuldast menneskeleg uforstand, medan ein tredjedel har ukjend årsak. Resten skuldast mellom anna lynnedslag og gneistar frå køyreleidningar og skogsmaskinar. Skulle den pågåande klimaendringa føre til varmare og tørrare tilhøve i delar av landet, må ein vente at skogbrannfrekvensen vil auke i dei komande åra.

### Forskar på verknadene

Ved Skog og landskap har vi hatt fleire prosjekt om dei kort- og langsiktige verknadene av skogbrann. I vår starta eit nytt

prosjekt der ein skal studere utviklinga av den framtidige furuskogen i Froland etter storbrannen i 2008. Andre institutt deltar også i prosjektet. Arbeidet skal omfatte næringstilhøva, furuforynginga, andre planter si utvikling, og kva for insekt som etablerer seg i den døde veden.

Kontakt forfattern:

**Toril.Eldhuset@skogoglandskap.no**



Gulspurv etablerer seg gjerne på brannflater.  
Foto: Dan Aamlid